KVINNHERAD
KOMMUNE
Seksjon forvaltning

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»
«UTLANDSADRESSE»

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|---|---|---|---|---|
| **Ingo Bewer** | **47655391** | **2016/1628-71** | **«REF»** | **29.03.2019** |

# Ynskje om trekking av motsegn i.h.t. detaljreguleringsplan for del av 81/1, 81/20, 81/35 - Rosendal kulturhistoriske trebåtsenter - Rosendal - Interesselaget for galeas Gurine v/ Anders Jordal

Vi ber med dette dokumentet om trekking av motsegn.
Visar til Kvinnherad kommune sitt brev frå den 10.08.17 og vårt siste brev frå den 10.01.19, samt innsendt skisse frå den 27.03.19, alle saman med ynskje om trekking av motsegn, visar også til korrespondanse og dialogmøte den 06.10.17, samt Fylkesmannen sitt tidlegare brev med samordna uttale frå den 09.10.18 (vidareføring av motsegn) og korrespondansedokument frå den 28.03.19, Statens vegvesen sitt brev frå den 13.08.18 (interessene er ivaretekne) og Hordaland Fylkeskommunen sine brev frå den 18.09.17 og den 07.02.19 (der ein ber om revisjon av planforslaget).
Vi ynskjer



å understreke at verken Kvinnherad kommune som planeigar nok tiltakshavar som eigar av tiltaket har til intensjon til å akseptere all slags inngrep i landskapet og ofre landskapet til fordel av eit kulturhistorisk tiltak.
Dere skrive i dykkar siste brev frå den 27.03.19:
«(…) Vi vurderer at dei negative verknadane ved kaia, kan vegast noko opp ved å utvide regulert badeområde i sjø. Eit utvida badeområde vil openbart styrke ålmenta sine interesser og intensjonen med friområdet på staden.

Fylkesmannen rår til å vurdere på nytt om det er råd å trekke kaien lengre inn mot land. Om det ikkje er mogeleg, må ein styrkje grunngjevinga/dokumentasjonen for at så er tilfelle. (…).»
Vi har i fleire anledningar nå vurdert å tilpasse oss motsegnpunktane:

Det visar seg at hovudproblem er reguleringsplan sin manglande opplysning/dokumentasjon av beliggenheit og vurdering av kai i.h.t. sjø- og strandsone , inngrep i landskapet samt estetiske faktorer.
Vi har gjennomført ein djupdemåling i sjøen. Dette kartteikning er utgongspunktet og *vart lagt inn i illustrasjonsplanen*.
På grunnlaget av ny teikna djupnekart (gjennom ført frå oppmålingsavdelinga i Kvinnherad kommune) – har ein justert noko i kaiplassering, samt at ein har fått til ein redusering av kaibredde frå 4 m til 3,5 m. For å få fullført det kulturhistoriske trebåtmiljøet med kaianlegg for Galeasen Gurine, har ein vurdert at den historiske trekaien må så langt ut som vist. Galeasen Gurine er 24 m lang + akterbjelke og spyd. Skuta går 2,7 m djupt i sjø. Frå Kartverket nivåskisse for Rosendal finn vi Lavvann med 20 års gjentaksintervall oppgitt til -1,06m. Med minimum 0,5m sikkerheit, får vi djupnekrav på 4,26m under cote 0.

Revidert kai SK1 flytta med utgangspunkt i nyare fylling. Kaibreidde er 3,5 m.
Knekkpunkt (sjå siste skisse 3. og 4.) trekt inn 4 m i forhold til tidlegare skisser (før og under djupneteikning; 1. og 2.) . Dette kan gjerast fordi sjødjupna er nokolunde lik ca kote 4,4 m.

Den siste plan-teikning (3.) visar at arealet for førmålet bading f_VB er utvida mot vest fram til slipp til verftsbygning. Denne slippen er i bruk 1 til 2 gonger for året.

Etter trekking av motsegn, før politisk behandling, skal den blir endå meir utvida mot sør, som ein kompensasjon. Dette er noko Kvinnherad kommune er positiv til (sjå skisse 4.).

Felles kai f_SK1 skal etter Fylkesmannen sine ynskjer trekkjast nærare land. Dersom dette ikkje er mogeleg, krevjar Fm at det gå fram av grunngjevinga i plandokumenta.
Følgjande opplysningar som har kome fram i seinare korrespondansar har blitt innarbeidet i planen.
I plankart: Plankartet visar ein litt kortare kai f_SK1 i landfeste med ein eksisterande fylling lenger mot vest. Kaien er kortare (frå landfeste til knekkpunkt) og med sin vinkling og dei materialer som skal brukast, mindre dominant og betre tilpassar det «museums-miljøet» som skal etablere seg her. Dette er også tema i føresegner og omtalt der i punkt 2.2.1.
*2.2.1 SK1 kai for Galeasen Gurine skal byggjast i 3,5 m breidde ut frå land 31 m med tverrkai 27 m i samsvar med plankart. Kaien skal byggjast som ein historisk kai med tredekke på tømmerkassar fylte med stein.*

I planomtalen må planen slår fast kva djupne som galeasen treng for å manøvrere og leggje til ved kai.
Omtalt i nytt punkt 7.11:
*7.11 Kaiar*
*Rosendal kulturhistoriske trebåtsenter er bygd opp rundt Galeasen Gurine. Båten er bygt i Rosendal. Båten vart sett på land i 2011. Det meste er skifta. 15. juni 2019 vert båten sett på sjøen. Galeasen Gurine er 24 m lang + akterbjelke og spyd. Skuta går 2,7 m djupt i sjøen. Frå Kartverket nivåskisse Rosendal, finn me Lavvann ved 20-års gjentaksintervall er -1,06 m. Med 0,5 m sikkerheit får me djupnekrav på 4,26 under kote 0.*
*Kvinnherad kommune Oppmålingsavdelinga har målt djupne ut forbi området. Med dette som utgangspunkt er kaien plassert. Etter oppmoding frå Fylkesmannen, er kaien flytta til utgangspunkt i nyare, kommunal fylling i sjø. Kaien SK1 startar ikkje i eldre strandområde, og har etter administrasjon sin vurdering og Trebåtsenteret si meining fått ein betre form. Kaien er no planlagt 3,5 m brei, og vil i si heilheit*

*bli bygt som historisk kai med tredekke på tømmerkassar fylte med stein. Kaien går 31 m ut frå land, vinklar med tverrkai på 27 m.*

*Kai SK2 er ein enkel trekai i 2,5 m breidde, lagt til eksisterande fylling. Det er naturleg at byggegrense i sjø følgjer formålsgrenser for kaiar.*

Mudring er ikkje å tilrå av omsyn til 1. miljø; mudring betyr tross alt eit større inngrep i havbunnen og må på grunn av rask natur sedimentpåfylling av svevestoffer i stranssone gjentakast ofte, 2. risikoforhold tilseier at den naturlege djupten av sjøbunnen er utslaggjevande, skipsmålane og djuptekartet gir svar til kaien sin nøyaktig beliggenheit (sjå også planomtale sin pkt. 8.1), så at den er brukbart som kai til museumsbåten «Gurine» og 3. økonomi, da gjentakelse av mudring på staden medfører ein enorm kostnadsfaktor.
Dette går til dels fram av planomtale under punkt 7.11 (sjå der).
*Føresegner for Kai er revidert i pkt. 2.2.1. SK1 kai for Galeasen Gurine skal byggjast i 3,5 m breidde ut frå land 31 m med tverrkai 27 m i samsvar med plankart. Kaien skal byggjast som ein historisk kai med tredekke på tømmerkassar fylte med stein.*

Badeområdet er utvida (sjå kartet). Dette er omtala under pkt. 7.10 naturmangfald
*I planrevisjon av 01.04.2019 er område for bading utvida.*

Med venleg helsing

Ingo Bewer
*Sakshandsamar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:

| | |
|---|---|
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 |
| Byggadministrasjon Harald Bjørndal as | Postboks 103 |

Mottakarar:
Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen v/ Christian Johan Alstad